



**FYLKESMANNEN  
I ROGALAND**

Dykkar ref.:

Vår dato: 17.01.2014

Vår ref.: 2013/9646

Arkivnr.: 560

Olje og energidepartementet  
Postboks 8148 Dep  
0033 Oslo

Postadresse:  
Postboks 59 Sentrum,  
4001 Stavanger

Besøksadresse:  
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00

F: 51 52 03 00

E: [fmropost@fylkesmannen.no](mailto:fmropost@fylkesmannen.no)

[www.fylkesmannen.no/rogaland](http://www.fylkesmannen.no/rogaland)

## Høring om forslag til endringar i energilova

*Tredje el-marknadsdirektivet og lovendringar i høyringsforslaget, vil kunne få vesentlege konsekvensar for energiselskapa, nettselskap og samfunnet elles. Det er krav til at reguleringsstyresmakta for el-marknaden skal vere uavhengig av konge og departement og agere ut frå reglar kontrollert av EU sine organ. Fylkesmannen i Rogaland etterlyser betre vurderingar av - og eit meir offentleg ordskifte om - kva endringar i energilova og anna lovverk dette krev. Me stiller og spørsmål ved om omsyn til miljø og beredskap er tilstrekkeleg vurdert i forslaget til endringar av energilova.*

Fylkesmannen syner til brev frå Olje- og energidepartementet 17. september 2013.

### Generelt

Energilova har tidlegare blitt endra for å kunne samsvara med tidlegare rådsdirektiv. Gjennomføring av Europaparlaments- og rådsdirektiv 2009/72/EF (tredje el-marknadsdirektiv) gjer det naudsynt med både endringar og presiseringar av tidlegare endringar, men også store tillegg i lova. Direktivet gjeld overføring av elektrisk energi til og frå landa i EU/EØS-området. Slik me oppfattar høyringsdokumentet og direktivet, vil direktivet også kunne føre til endringar i naturgasslova. For eit land som produserer og eksporterer så mykje energi som Noreg, kan konsekvensane bli store for energiselskapa, nettselskapa og samfunnet elles. Ikkje minst gjeld dette i energifylket Rogaland.

### Føringar i direktivet

Direktivet er omfattande med 68 betraktningar/bakgrunnsmoment og 51 artklar som igjen har fleire underpunkt. Høyringsdokumentet er også omfattande. For å vurdere konsekvensane er det naudsynt å sjå dei føreslegne lovendringane i samheng med innhaldet og intensjonane i direktivet og moglege framtidige EU-reguleringar som direktivet indikerer kan koma. Hovudmålet er "...at der etableres et egentlig indre marked for elektrisitet...", som "...er tilgjengelig for alle..." jf. betraktning 59 og 60 i den danske oversettinga. Direktivet oppdaterer og utvidar dagens krav om uavhengige distribusjonssystem og transmisjonssystem og gjer det naudsynt med fleire spesifikasjonar i energilova. Det blir lagt opp til mange nye eller endra forskrifter for å implementere direktivet. Direktivet set også eit nytt krav om at den uavhengige transmisjonssystemoperatøren skal ha eit tilsynsorgan. Dette organet skal ha eit program for å overvaka om direktivet blir respektert. Organet skal også peika ut ansvarleg for overvaking av at overvakingsprogrammet blir gjennomført. Overvakingansvarleg får vide fullmakter til innsyn og skal rapportera direkte til reguleringsstyresmakta.

Den nye § 2-3 i energilova om reguleringsstyresmakt og klagenemnd, slår fast at reguleringsstyresmakta ikkje skal instruerast av Kongen eller departementet i enkeltvedtak eller om utøving av

oppgåver eller mynde som blir gitt. Enkeltvedtak frå reguleringsstyresmakta kan ikkje gjerast om av Kongen eller departementet. Måla til reguleringsstyresmakta går fram frå artikkel 36 og er å kunne fjerne marknadsmessige, overføringsmessige og produksjonsmessige barrierar som hindrar ein fri indre marknad for energi i EU-/EØS-området. I samband med dette er reguleringsstyresmakta gitt oppgåver og instruksjonar lista opp i artikkel 37. I tillegg til å overvake at all straumoverføring skjer i samsvar med direktivet, skal reguleringsstyresmakta ”overholde og gjennomføre relevante juridisk bindende avgørelser fra agenturet og Kommissjonen”, jf. artikkel 37.1-d. Det aktuelle agenturet, som i høyringsdokumentet blir kalla ACER, skal syte for samarbeid mellom reguleringsstyresmaktene. I høyringsdokumentet blir ACER omtala som eit overnasjonalt kontrollorgan.

### **Konsekvensar for samfunn og natur**

For ein uavhengig produsent av straum er det av vital interesse at det eksisterer eit straumnett/sentralnett som kan transportera straumen til kundane. Likeeins er forbrukarane avhengige av nettverket for å kunne kjøpe straum frå ulike produsentar. Då kan det vere viktig at nettet er eigd av nokon som er uavhengig av produsentane, men nasjonal styring er viktig. Det aktuelle direktivet er ei vidareføring av andre direktiv og mykje av det som direktivet set krav om, er allereie implementert i norsk lovgjeving slik at energiselskapa er splitta opp i produksjonsselskap, nettselskap og eventuelt marknadsselskap. Deler av krava i direktivet er dermed ivareteke på nasjonalt nivå.

Høyringsdokumentet skildrar konsekvensar av dei nye reglane. Slik Fylkesmannen tolkar direktivet blir styringa av sentralnettet bestemt av premisser i direktivet og kontrollert av EU-kommisjonen/ACER. Dette kan også gjelda spørsmål om kraftpris, om utbygging av nye kraftliner og overføringsleidningar, framskaffing av kapital for bygging av slike og jamvel etablering av ny kapasitet. Men nye kraftliner, nye vindmøller og nye vasskraftverk legg beslag på naturressursar som etter kvart blir knappe. Sjølv om miljøomsyn blir nemnt fleire gonger i direktivet, lite tydelege i energilova. Fylkesmannen meiner det er grunn til å tru at slike tema blir nedtona med overnasjonal kontroll. Fylkesmannen meiner at konsekvensane for norsk natur, biologisk mangfald og norsk ressursforvaltning bør kartleggjast betre og det må vurderast korleis energilova eventuelt skal harmoniserast med anna lovverk.

Noreg har i utgangspunktet overskot på elektrisk energi. Tidlegare har stor eksport av straum medverka til vassmangel i magasinane med høge energiprisar og fare for rasjonering som resultat. Med ein meir open energimarknad, må det vurderast om dette kan skje oftare med bl.a. mykje høgare energipris eller energimangel for samfunnet. Sjølv om direktivet legg vekt på forsyningstryggleik, er det fyrst og fremst vurdert i høve til sentralnettet og ikkje til den norske ressursstoda som er basert på fleirårige vassmagasin. Som lokal beredskapsstyresmakt er Fylkesmannen oppteken av at slike tilhøve blir vurdert i lovteksten og om endringar må harmoniserast med anna lovverk/andre omsyn.

Fylkesmannen meiner det er viktig med ein brei diskusjon kring verknadene av direktivet. Det er her snakk om elektriske anlegg der det bl.a. er ekspropriert eigedom og der det har skjedd store naturinngrep til det beste for det norske samfunnet. Utbyggingane har vært og er vitale bl.a. for store delar av industrien og samfunnet elles, ikkje berre i Rogaland.

Med helsing

Magnhild Meltveit Kleppa

May Britt Jensen  
fylkesmiljøvernssjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift

Saksbehandlar: Kristian Solberg  
Saksbehandlar telefon: 51 56 89 28  
E-post: fmrokso@fylkesmannen.no

Kopi til:

Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap	Postboks 2014	3103	Tønsberg
Statkraft SF	Postboks 200 Lilleaker	0216	OSLO
Norges vassdrags- og energidirektorat	Postboks 5091 Majorstuen	0301	Oslo
Oljedirektoratet	Postboks 600	4003	Stavanger
Miljødirektoratet	Postboks 5672 Sluppen	7485	TRONDHEIM
Statnett SF	PB 4904 Nydalen	0423	OSLO
Norsk olje og gass	Postboks 8065	4068	STAVANGER
Klima- og miljødepartementet	Postboks 8013 Dep	0030	OSLO
Norsk Industri	Postboks 7072 Majorstuen	0306	OSLO
Rogaland fylkeskommune	Postboks 130	4001	Stavanger